

Søknad om oppføring av nytt våningshus, GBNR 110/3, Skårnesvegen 91, 5955 Lindås.

Vi søker om oppføring av nytt Våningshus i eitt trinn i samsvar med Dykkar tilråding i brev frå Alver kommune datert 16.05.2023. Vi går ut frå at denne bustaden er omfatta av gitt dispensasjon som også nevnt i Dykkar tilråding.

Vi legg ved skjema A-1 «Opplysninger om ytre rammer og bygningsspesifikasjon for tiltaket». Utnyttingsgrad gir liten meining siden dette er ein stor landbrukseigedom, men gir ei grei oversikt over endringar i bygningssmassen sitt fotavtrykk.

Oppdaterte teikningar og situasjonsplan er lagt ved. Det gamle Våningshuset sitt «omriss» kjem der fram som mørkt grønt. Det vert sendt inn oppdatert situasjonskart for plassering av bustad ved ferdigmelding/søknad om ferdigattest.

Grunna mellom anna sterk prisauke er det gjort ei endring i storleik på nytt Våningshus og vi sender no også ut nye nabovarsel for dette. Det vert sendt ferdigmelding/søknad om ferdigattest for riving av det gamle Våningshuset med grunnarbeid samt montering av minirensanlegg med grøfter og stikkleidningar VVS. Vi legg for ordens skuld ved kopi av «Brønnskjema» som viser fullgod kapasitet for vassforsyning.


Vedlagt situasjonskart viser også eit forslag til endring av tilkomstveg og ei endring av dei to uthusa. Dette vert det søkt om løyve/ dispensasjon for i eiga sak og skal ikkje takast med i vurdering av denne søknaden.

Estetikk.

Det nye våningshuset vert oppført med hovedetasjeplan på bakkeplan og loftsetasje som foreløpig ikkje har fått avklart planløsning. Plassering og møneretning er samanfallande med det gamle Våningshuset, men er noko mindre som nevnt over. Huset har liggjande kledning, saltak og er slik sett i tråd med tradisjonell vestlandsk byggjestil.

Kolstad23. mai -23

Ing. Taule AS



Karl Atle Taule